

91 medlemmer, men berre 5 menn

Årsmøtedeltakarane samla i Gamleskulen. Av 91 medlemmer er det berre 5 menn. Kva med ein vervekampanje?

Uskedal Helselag, eit av dei driftigaste laga i bygda, hadde i fjor 91 betalende medlemmer og medlemstalet er stabilt, men berre 5 av dei var menn.

Laget hadde årsmøtet sitt i Gamleskulen ikveld og vedtok tildeling av midlar for 2014 stort sett etter det samme mønsteret som før: Forskinga på kreft og tuberkulose fekk kvar 5 000 kroner og forskninga på hjarte- og karsjukdomar 10 000 kroner. 10 000 kroner vart og tildelt eit lokalt føremål: Rom for pårørande ved Rosendalstunet. Festidagen for born i samband med Festidalen fekk 1000 kroner.



Avgående kasserar Hilda Guddal vart takka med blomar

2013 var eit roleg år utan basar. Det var heller ikkje basar i 2012, men kommande sundag vert det basar i Helgheimkjellaren. Ifjor hadde laget heller ikkje den vanlege demensaksjonen på grunn av at det var føremålet for TV-aksjonen dette året. Men laget har vore 3 gonger på Rosendalstunet i samband med Syng med oss, gått i fakkeltog for sjukeheimen, sendt julegåver til Valen sjukehus og sendt juleblomar til både uskedelingar på sjukeheimar og heimebuande i bygda.

Ved valet vart Hilda Guddal avløyst som kasserar av Klara Bakke medan skrivar Eli Roseth Eik vart attvald. Ellers i styret sit leiar Selma Eik, nestleiar Berit Helene Myklebust og styremedlem Margit Eik medan Berit Harriet Døssland og Sella Hjørnevig er varamedlemmer.

Sella og Britt Jorunn Arnesen vart vald som representantar for helselaget i gruppa som no jobbar for å utvikla grusbana. Det vart sagt i møtet at det er viktig å følge prosjektet for å sikra at det vert konkret og ikkje vert prega av luftige planar.

Rekneskapan synte ein gåveutdeling i fjor på 30 128 kroner, grasrotmidlar på 8 565 kroner og medlemspengar på 9 247 kroner.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Styret etter valet ikveld, frå venstre sit Berit Helene Myklebust, Margit Eik, Selma Eik, Klara Bakke og Eli Roseth Eik